

Forord

Lese- og kartleggingsplan



1.- 7. trinn

Innhold

Forord.....	3
Lesing.....	4
Formål	4
Omfang/virkeområde.....	5
Heim-skule samarbeid.....	6



Forord

Vi er ei arbeidsgruppe som har utarbeidd ein lese- og kartleggingsplan for 1. -7. trinn i Øygarden kommune. Den er tenkt som eit felles utgangspunkt, der det er muleg for den enkelte skule å gjere lokale tilpassingar. Vi håper planen vert til god hjelp og støtte i arbeidet med lesing og kartlegging på dei ulike trinna i barneskulen.

I tillegg har vi laga ein materiellbank/ressursbank der det kan hentast inspirasjon og idear. Arbeidsgruppa består av: Laila Bach Keilen (Kolltveit skule), Linda Færestrand (Tjeldstø skule), Toril Herdlevær Kvalheim (Foldnes skule), Solveig Ellingsen (Skålevik skule), Merete Ingebrigtsen (PPT) og Grete Dale (PPT, Tranevågen)

Vi set pris på om de kjem med innspel eller tips til meir som kan leggst inn i t.d. materiellbanken. Så det er berre å ta kontakt med ein av oss

Vi vil evaluere planen etter at den har vore i bruk 1 år.



Lesing

«At man, når det i sannhet skal lykkes en å føre et menneske til et bestemt sted, først og fremst må passe på å finne ham der hvor han er og begynne der. Dette er hemmeligheten i all hjelpekunst. For i sannhet å kunne hjelpe en annen, må jeg forstå mer enn ham – men dog vel først og fremst forstå det han forstår». Fritt oversatt fra Kierkegaard. (1962)

Lesing er ein grunnleggande ferdigheit som i følge Kunnskapsløftet 2020 skal integrerast i opplæringa i alle fag.

For å kunne klare seg i dagens samfunn, er det viktig å kunne mestre lesekunsten. Ei rekkje nasjonale og internasjonale undersøkingar viser at norske elevar ikkje er på det nivået ein skulle ønskje. Det er også dokumentert at spesielt gutar les mindre enn gutar i andre land det naturleg å samanlikne seg med.

I Kunnskapsløftet er lesing definert som ein grunnleggande ferdigheit som skal integrerast i alle fag. I Øygarden kommune har vi difor utarbeidd ein heilskapleg leseopplæringsplan som konkretiserer dei måla og ferdigheitene som er forventa på kvart trinn.

Målet med dette er å gjere det lettare for lærarar å raskt få oversikt over kva som er forventa at ein går igjennom på kvart trinn.

Planen omfattar kartlegging. Dette er viktig for å kunne gje elevar som treng ekstra støtte, ekstra hjelp så raskt som mogeleg. Kommunen har ein samla «kartleggingsbank», Conexus engage, der kvar lærar samlar kartleggingsmaterialet for elevane, slik at ein lett ser utviklinga år for år!

Viser til udir sine nettsider. ang t.d. fritak

- [Fritak frå kartleggingsprøver](#)
- [Sjekkliste for gjennomføring av nasjonale prøver](#)

Formål


Ei av våre viktigaste oppgåver som pedagogar er å følge med på eleven si læring. Dette skal gjerast gjennom:

Undervegs vurdering: «Undervegs vurdering i fag skal brukast som ein reiskap i læreprosessen, som grunnlag for tilpassa opplæring og bidra til at eleven, lærlingen, praksisbrevkandidaten og lærekandidaten aukar kompetansen sin i fag». [Forskrift undervegs vurdering:§ 3-11.](#)

Tilpassa og intensiv opplæring: «Opplæringa skal tilpassast evnene og føresetnadene hjå den enkelte eleven, lærlingen, praksisbrevkandidaten og lærekandidaten» (Opplæringslova § 1-3; Tilpassa opplæring). Videre: «På 1. til 4. årstrinn skal skolen sørge for at elevar som står i fare for å bli hengande etter i lesing, skriving eller rekning, raskt får eigna intensiv opplæring slik at forventa progresjon blir nådd. Om omsynet til eleven sitt beste talar for det, kan den intensive opplæringa i ein kort periode givast som eineundervisning» (opplæringslova).

Tilfredsstillande utbytte: *Alle lærarar skal systematisk og løpande vurdere om alle elevar har eit tilfredsstillande utbytte av opplæringa, jf. [Forskrift til opplæringsloven § 3-11 fjerde ledd](#).*

Grunnlaget for denne vurderinga er Kompetansemåla i faga, inkludert dei grunnleggande ferdigheitane.



Kartlegging av elevar skal vere til hjelp i dette arbeidet, og skulen skal:

- Gjennomføre alle sentralt gitte [kartleggingsprøver frå Utdanningsdirektoratet](#), både dei som er obligatoriske og dei som er frivillige.
- Føre resultatane i [Conexus Engage](#), som er eit nettbasert system som samlar og samanstillar vurdering og kartlegging, slik at lærarar kan gje tilpassa undervisning og betre oppfølging av den enkelte elev.
- Ha fokus på korleis lærarar skal følge med på elevens læring og kan til dømes prøve ut:
 - [læringsstøttande prøvar frå Utdanningsdirektoratet](#)
 - andre digitale kartleggingsprøvar som kommunane abonnerer på,
 - andre kartleggingsprøvar, til dømes frå [Lesesenteret](#), [Skrivesenteret](#) eller [Matematikksenteret](#)

All kartlegging skal følgast opp med tiltak eller justeringar av læringsarbeidet i klassen, grupper eller enkeltelevar.

Heim-skule samarbeid

For at eit barn skal kunne ha eit fullt utbyte av skulekvardagen, er det særst viktig med eit godt samarbeid mellom heim og skule. Informasjon om eleven si leseutvikling må derfor alltid vere tema i utviklingssamtalar.

«Med samarbeid mellom heim og skule forstås det fellesansvar som foreldre og skolen har for elevenes læring og utvikling». (Semke & Sheridan, 2010)

Det er forska på, og funne dokumentasjon på, at dersom heimen framsnakkar skulen, så synes elevane skulen er bra. Difor ønskjer me at alle heimar pratar fint om skulen, og om det er noko dei er ueinige med skulen om, så ta dette direkte opp med skulen. Dette er viktig i arbeidet med å ha eit godt læringsmiljø for kvar enkelt elev.